

# Kvam herad

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kvam formannskap	24.01.2012	013/12	KAWV
Kvam heradsstyre	07.02.2012	023/12	MGAK

<b>Avgjerd av:</b> <b>Saksh.:</b> Mali Grete N. Aksnes	<b>Arkiv:</b> N-000 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 12/75 - 2
---	---------------------------------------	--------------------------------

### Høyrings svar på høyringsnotatet om bruk av offentlege tilskot og foreldrebetaling i ikkje- kommunale barnehagar.

#### Samandrag:

Kunnskapsdepartementet har sendt eit forslag til endringar i barnehagelova på høyring til kommunane. Bakgrunnen for forslaget er eit behov for tydelegare regelverk når det gjeld bruk av offentlege tilskot og foreldrebetaling for ikkje-kommunale barnehagar. Frå 2011 har kommunane overteke finansieringsansvaret for barnehagane. Finansieringsansvaret skal fylgjast opp med eit regelverk som i større grad gjev kommunen høve til å inndra offentlege tilskot og foreldrebetaling dersom midlane ikkje vert brukt i tråd med føremålet. Hovudelementa i ei ny lov vil vera at tilskot og foreldrebetaling skal koma borna til gode, sjølv om private aktørar framleis skal ha høve til å ha eit rimeleg overskot som eigar kan disponera til utbyte. Når det gjeld tildeling av tilskot er regelen no at kommunen skal rekna ut gjennomsnittskostnaden per heiltidsplass i kommunale barnehagar og tildela dei ikkje-kommunale barnehagane det same per heiltidsplass, uavhengig av kostnadsnivå. Utkast til høyringsuttale er utarbeidd med bakgrunn i erfaringar administrasjonen har hatt i samband med vedtak om årleg tilskot til den ikkje-kommunale barnehagen i Kvam.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre støttar forslaget til høyringsutkast:

Kvam herad viser til invitasjon til å gje svar på høyringsnotat i høve forslag til ny økonomiforskrift til barnehagelova og forslag til endringar i forskrift om likeverdig behandling av barnehagar ved tildeling av offentlige tilskot til ikkje-kommunale barnehagar. Det gjeld ein ny § 14a i barnehagelova om krav til bruken av offentlige tilskot og foreldrebetaling i ikkje- kommunale barnehagar, og ny forskrift til bruk av offentlige tilskot og foreldrebetaling i ikkje-kommunale barnehagar.

#### 1. 100 % tildeling av tilskot- ulike lønsvilkår

I løpet av komitébehandlninga vart likeverdig behandling definert som at ikkje-kommunale barnehagar får 100 prosent av det kommunale barnehagar mottar i offentlig støtte. Kvam herad meiner at sidan den ikkje-kommunale barnehagen har andre krav til lønn, pensjon - og andre arbeidsvilkår gjev dette ikkje eit likt konkurransegrunnlag.

#### 2. Berekning av tilskotssatsar - drift

Kvam herad stiller spørsmål ved om det er rimeleg at utrekninga av tilskotssatsar for drift av ikkje-kommunale barnehagar skal legge inn påslag på 4 % til administrasjon på kommunen sine øvrige kostnader. Det burde heller vore innført ein sats per barn berre basert på budsjetterte/rekneskapsførte administrative kostnader eller gå over til å nytta nasjonale satsar. Staten må presisera lovverket slik at det vert samsvar mellom bemanning og tilskot knytt til når eit barn tel som 3-åringar, for å få like vilkår for kommunale og ikkje-kommunale barnehagar.

### **3. Kommunen som tilsynsmynde**

Kvam herad ber staten om å koma med tydelege retningslinjer for korleis det kan førast tilsyn med kvaliteten i ikkje-kommunal barnehagar.

### **4. Opphaldstimar -omrekningsfaktorar frå SSB**

Kvam herad bed om at omrekningsfaktorane for opphaldstid vert reviderte eller eventuelt fjerna. Slik regelverket er i dag vil ikkje-kommunale barnehagar med opningstid på eks 10,5 timar per dag oppnå tilskot for ein fem dagars plass sjølv om barnet, med bemanning berre er fire dagar i barnehagen.

### **5. Berekning av tilskotssatsar - kapital.**

Me viser til at privatskular ikkje får dekkja verken renteutgifter på lån eller avskrivningar gjennom offentlige tilskot. Dette bør takast med i rettleiaren for barnehagar også. Nasjonale tilskotssatsar bør justerast tilsvarende.

### **6. Forenkling av systemet**

Det systemet vi har i dag har ført til meiroppgåver for kommunen, og er vanskeleg å praktisera. Samtidig er det lite forutsigbart for begge partar då endeleg tildeling først kjem halvanna år etter budsjetterte satsar. På bakgrunn av dette må omsynet til forenkling ha ei sentral plass i det vidare arbeidet.

### **7. Opphør av ikkje-kommunal barnehage - kommunal overtaking**

Kvam herad vil også be om at det vert vurdert om det skal innførast ei eiga presisering om kommunal forkjøpsrett ved sal av ikkje-kommunale barnehagar. I den samanheng bør det i ei forskrift avklarast korleis prisen ved en slik overføring skal bereknast med bakgrunn i at den ikkje-kommunale barnehagen har mottatt offentlig støtte og i visse tilfelle er det oppført bygningsmasse med særleg gunstig tomtepris eller annen kommunal støtte. Kommunen må sikrast rett til å krevja tilbakebetaling av offentlig tilskot og foreldrebetaling som er akkumulert i verksemda ved sal/opphevar.

### **Lista inneheld sentrale dokument som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:**

<b>JournalID</b>	<b>Journaldato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Avsendar</b>
12/1002		Høringsnotat- off. tilskudd og foreldrebetaling i ikke-kommunale barnehager	Kunnskapsdepartementet

For å opne dokument det er referert til i tabellen må du klikke på lenka under her.

Skriv så inn JournalID i søkefeltet DokumentID og utfør søket

[http://www.kvam.no/innsyn6/wfinnsyn.aspx?response=journalpost\\_sok&simple=false](http://www.kvam.no/innsyn6/wfinnsyn.aspx?response=journalpost_sok&simple=false)

## Saksopplysningar:

Utgangspunktet for at Kvam herad vil arbeida med eit høyringsnotat er berekningsgrunnlag for tilskot til den ikkje-kommunale barnehagen i Kvam.

Kunnskapsdepartementet har sendt eit forslag til endringar i barnehagelova på høyring til kommunane. Bakgrunnen for forslaget er eit behov for tydelegare regelverk når det gjeld bruk av offentlege tilskot og foreldrebetaling for ikkje-kommunale barnehagar. Frå 2011 har kommunane overteke finansieringsansvaret for barnehagane. Finansieringsansvaret skal fylgjast opp med eit regelverk som i større grad gjev kommunen høve til å inndra offentlege tilskot og foreldrebetaling dersom midlane ikkje vert brukt i tråd med føremålet. For å fastslå kva tilskota skal nyttast til, foreslår departementet eit nytt regelverk.

Hovudelementa i det nye regelverket kan kort samanfattast slik:

1. Offentlege tilskot og foreldrebetaling skal koma borna i barnehagen til gode. Det skal framleis vera høve for private aktørar å ha eit rimeleg overskot som kan takast ut i utbyte. Midlane skal dekkja kostnader ved drift av barnehagane, og internfakturering skal vera basert på forretningsmessige prinsipp. Barnehagen kan ikkje ha vesentleg lågare personalkostnader per heiltidsplass enn det kommunen har i eigne barnehagar.
2. Barnehagane vert pålagt nye reglar for dokumentasjon i rekneskapane.
3. Kommunen skal få fleire reaksjonsmidlar ved brot på regelverket.
4. Det skal utarbeidast ei ny økonomiforskrift for ikkje-kommunale barnehagar.

Bakgrunnen for forslaget er at regjeringa ser på dagens barnehage som både eit velferdstilbod, eit frivillig første steg i utdanningsløpet og ein samfunnsinstitusjon som har stor tyding for born, foreldre, lokalsamfunn, arbeidsliv og samfunnsutvikling. Målet er eit tilgjengeleg barnehagetilbod av høg kvalitet, som gjennom tidleg innsats medverkar til sosial utjamning og livslang læring.

På landsbasis gjekk vel 89 % av alle born i alderen 1-5 år i barnehage i 2010.

Barnehageplassane var om lag 50 % kommunale og 50 % ikkje-kommunale. Ved utgangen av 2009 utgjorde inntekta til drifta 77 % offentlig tilskot, og foreldrebetaling 19 %. 4 % av inntektene kom frå andre kjelder. Det er i dag svake plikter for dei ikkje-kommunale barnehagane til å dokumentera korleis dei nyttar midlane. Kommunen har i liten grad sanksjonsmulegheiter dersom kommunen meiner midlane ikkje blir brukt i tråd med formål og regelverk. Utforming av regelverk er krevjande sidan mangfaldet av aktørar er stort. Tendensen er at delen barnehagar eigd av til dømes foreldre, menigheiter og husmorlag går ned, medan aksjeselskapsforma vert meir og meir vanleg. Tildeling av tilskot skjer ved at kommunen reknar ut gjennomsnittskostnaden per heiltidsplass i kommunale barnehagar og tildeler ikkje-kommunale barnehagar det same per heiltidsplass, uavhengig av kostnadsnivå. I høyringssvaret vert det problematisert rundt regelverket med tolking av 2- og 3-åringar samt at svake presiseringar i lovverket fører til ulike konkurransevilkår for den kommunale og ikkje-kommunale barnehagen. Omrekningsfaktorane i høve kva som kan reknast for heiltidstilbod er urimeleg slik det blir praktisert i dag. Med *opningstid* 10,5 timar per dag, får barnehagen tilskot for 5 dagar fordi 41 timar per veke vert rekna som full plass barnehagetilbod. Barnehagen får tilskot for 5 dagar sjølv om borna berre er i barnehagen 4 dagar. Høyringssvaret tek og for seg at det bør innførast ei eiga uttale om forkjøpsrett ved sal av ikkje-kommunale barnehagar.

## Vurdering:

Rådmannen ser at det er viktig med ein gjennomgang av gjeldande regelverk og innstiller på at Kvam heradsstyre vedtek forslag til høyringssvar.